

DANS

Overordna mål:

- meistre basisferdigheter relatert til eiga kropp, nivå, sjanger og dansefagets egenart
- bruke dans som kommunikasjons- og uttryksmiddel
- oppleve glede og meistring gjennom å skape og utøve, og gjennom det å få tiltru til eigne evner og uttryksmoglegheiter
- utvikle kritisk tenking, disiplin og samarbeid
- synleggjere born og unge som ressursar, kulturformidlare og positive rollemodellar i lokalmiljøet
- få moglegheit til fordjupning som kan skape grunnlag for vidaregåande og høgare utdanning i dans

Forventningar til eleven og heimen:

- gje beskjed til lærar viss eleven ikkje kan møte opp til undervisning. Vi er avhengige av alle elevane er tilstade på gruppeundervisning for å arbeide og utvikle oss saman, dette gjeld særskild på timane før framsyningar.
- øve på koreografi med tilsendt musikk, evt. link til video av dansen.
- vere hjelpsame med å finne kostyme, rekvisittar og sminke i framsyningsperiodar.
- halde seg oppdatert på årsplan og andre informasjonsdokument som vert utlevert på timen og på Speedadmin.

Forventningar til læraren:

- skape eit læringsmiljø prega av trivsel, tryggleik, samarbeid og dialog
- skape gode formidlingsopplevingar
- har ein god og tydeleg dialog med heimane

- gje beskjed om fråvere/avlyst undervisning i god tid.
- gje felles informasjon om framsyningar/andre arrangement i god tid.

Reglement:

Eleven må ha klede som er gode å bevege seg i, og som tåler at ein blir sveitt. På føtane bør elevane bruke sko. Håret skal vere opp i strikk, og bort frå ansiktet. Hugs å ha med drikkeflaske med vatn, kroppen treng væske når den er i aktivitet! Ver førebudd på timen, og møt opp i tide.

LOKAL LÆREPLAN DANS			
	INNHALD	LÆRINGSMÅL	LÆRINGSFORM
Dans 1	<p>Timane er bygd opp av oppvarmingsøvelsar og kreative øvelsar som fremjer danseglede, kroppsmedvit, musikalitet og disiplin.</p> <p>Det er mykje fokus på dans gjennom leik, utforsking, i tillegg til koreografi og fridans.</p> <p>I laupet av semesteret skal elevane øve på å gjere koreografi/sekvensar utan hjelp, for å utvikle sjølvstendighet og oppleve meistring. Dei skal også øve på å danse utan koreografi ved hjelp av ulike rammer.</p>	<p>Eleven skal:</p> <ul style="list-style-type: none"> - bruke kropp, rørsle og musikalitet til å uttrykke ulike kjensler og stemningar - oppleve danseglede og kroppsleg meistring i trygge omgjevnader - delta med danseuttrykk på ein relevant visningsarena - utvikle kroppsmedvit, koordinasjon og disiplin - kjenne til noko fagterminologi - kjenne til og bruke grunnsteg i hip hop 	<ul style="list-style-type: none"> - Lærarstyrt undervisning - rettleiing og vurdering - samarbeid - utforsking - framsyningsarbeid
Dans 2	<p>Timane er bygd opp av oppvarmings-, ferdighets- og kreative øvelsar som fremjer danseglede, kroppsmedvit, musikalitet, romforståing og disiplin.</p> <p>I laupet av semesteret jobbar vi meir og meir med koreografi til ulike framsyningar. Desse vert innstudert av lærar, med liten eller stor grad av elevmedverknad. Vi jobbar mot å bli sjølvstendige og støtte kvarandre som</p>	<p>Eleven skal:</p> <ul style="list-style-type: none"> - bruke kropp, rørsle og musikalitet til å uttrykke ulike kjensler og stemningar - oppleve danseglede og kroppsleg meistring i trygge omgjevnader - få eit bevisst forhold til musikken, og relatere dette til kunstnerisk uttrykk 	<ul style="list-style-type: none"> - Lærarstyrt undervisning - prosjekt- og framsyningsarbeid - elevmedverknad - samarbeid - utforsking og skapande arbeid - rettleiing og vurdering

	<p>gruppe! I tillegg skal vi gjennom øvingar bli komfortable med fridans, og slik jobbe med å skape vår eige stil i dansen.</p> <p>Timen vert avslutta med avspenning/tøying, for å utvikle smidighet, styrke og kroppsmedvit.</p>	<ul style="list-style-type: none"> - kjenne til noko fagterminologi - kjenne til og bruke grunnsteg i hip hop i fridans og koreografi 	<ul style="list-style-type: none"> - kvarandrevurdering
<p>Dans 3</p>	<p>Timane er bygd opp av oppvarmings- , ferdighets- og kreative øvelsar som fremjer danseglede, danseteknikk, og musikalitet.</p> <p>I laupet av semesteret jobbar vi med koreografi mot ulike framsyningar i tillegg til å utvikle eigen dansetil gjennom fridans. Vi jobbar med ulike konsept og tema.</p> <p>Vi jobber også med å forstå korleis musikken er bygd opp i lag, og nyttar dette innad i dansen.</p> <p>Timen vert avslutta med avspenning/tøying for å utvikle styrke og smidighet.</p>	<p>Eleven skal:</p> <ul style="list-style-type: none"> - utvikle ferdigheter og kroppsmedvit gjennom danseteknikk og fridans - få kunnskap om enkle koreografiske prinsipp og delta i skapande prosesser fra idé til produkt - kreativt arbeid aleine og i gruppe - formidle og diskutere korleis relasjonar mellom musikk og dans påverkar danseuttrykket - utvikle sjølvstendighet i dansen og jobbe med å forme sin eige stil gjennom fridans - kunne bruke relevant fagterminologi - kunne bruke og variere grunnsteg i hip hop i fridans og koreografi 	<ul style="list-style-type: none"> - Lærarstyrt undervisning - prosjekt- og framsyningsarbeid - elevmedverknad og sjølvstendig arbeid - samarbeid - utforsking og skapande arbeid - rettleiing og vurdering - eiga- og kvarandrevurdering